



## TOKKE SKULE -

### opp og fram

KUNNSKAP – MEISTRING – TRIVSEL

### Orden - og samspelsreglar på Tokke skule

Tokke skule er plassen der elevar og vaksne trivast og er trygge. Vi syner respekt for alle på skulen. Vi tek ansvar for miljøet på skulen vår. Ver mot andre slik du vil at andre skal vere mot deg.

For å greie dette treng vi nokre reglar og desse gjeld på skulevegen, i skuletida, på SFO og ved alle arrangement i skulen sin regi.

#### Regel 1

**Vi møter presis og førebudd til skulen.**

Konsekvensar ved brot:

- Lærer samtaler med elev
- Lærer samarbeider med heimen
- Merknad
- Ved gjentekne brot samtaler inspektør eller rektor med eleven
- Nedsett ordenskarakter

#### Regel 2

**Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Vi har nulltoleranse for mobbing og krenkingar. Vi viser respekt for kvarandre i ordbruk og væremåte på skulevegen, på bussen, i undervisningstimane, i digital rom og i friminutta.**

Konsekvensar ved brot:

- Lærer samtaler med involverte
- Lærer samarbeider med heimane
- Ved gjentekne brot samtaler inspektør eller rektor med dei involverte
- Ved konkret mistanke om mobbing/krenkingar inntretr aktivitetsplikt med ein skriftleg tiltaksplan.
- Nedsett åtferdskarakter

### Regel 3

**Alle har rett til eit godt arbeidsmiljø. Arbeidsro, tryggleik, meistring, trivsel og respekt. (Opplæringslova § 9A)**

Konsekvensar ved brot:

- Tilsnakk
- Merknad
- Melding heim
- Ved gjentekne brot samtaler inspektør eller rektor med eleven
- Nedsett åtferdskarakter
- Ved grove eller gjentekne brot på regelen, kan eleven visast bort frå skulen (Opplæringslova §§ 2- 10 og 2-8)

### Regel 4

**Snoballkasting er berre tillate på fastsett stad. Sykling og bruk av spark på skuleplassen er ikkje tillate. Sparkesykkel er tillete ved bruk av hjelm.**

Konsekvensar ved brot:

- Merknad
- Melding heim
- Nedsett åtferdskarakter

### Regel 5

**Ta vare på skulen, egne og andres eigedelar. Kvar enkelt har sjølv ansvar for egne verdisaker. Retningslinjer for IKT er nærare spesifisert i eiga vedlegg.**

Konsekvensar ved brot:

- Tilsnakk
- Merknad
- Melding heim
- Ved gjentekne brot samtaler inspektør eller rektor med eleven
- Nedsett åtferdskarakter
- Erstatningsplikt etter gjeldane lover. (Skadeerstatning §§1-1og 1-2)

### Regel 6

**Friminutt: Alle elevar skal vere ute. Unntak er ved temperatur under -12 C. Ingen skal opphalde seg unødvendig i gangar eller på toalett. Vi er berre på Kulturhuset med tilsyn av lærar. Elevar på ungdomstrinnet kan vere inne på tilvist område i friminuttet frå Kl. 11.00 til 11.20. Elevar frå 5. til 10. klasse kan opphalde seg inne, utanfor klasserommet før skulestart.**

Konsekvensar ved brot:

- Tilsnakk
- Merknad
- Melding heim
- Ved gjentekne brot samtaler eleven med inspektør eller rektor
- Nedsett åtferdskarakter

#### Regel 7

**Alle elevar skal vere innanfor skulens område i skuletida. Unntak er dersom ein har særskild avtale med lærar.**

Konsekvensar ved brot:

- Merknad
- Melding heim
- Ved gjentekne brot samtaler eleven med inspektør eller rektor
- Nedsett åtferdskarakter

#### Regel 8

**Tyggegummi, godteri, kake/søte kjeks og bakst, brus og liknande er berre lov i særskilde høve.**

Konsekvensar ved brot:

- Inndraging av det kjøpte
- Åtferdsmelding

#### Regel 9

**Vi brukar ikkje mobil og anna elektronikk som til dømes Ipad og mobilkløkker i skuletida**  
Skuletida definerast frå du kjem inn skuleporten om morgonen,- til klokka ringjer klokka 13.50 eller etter leksehjelp.

Må eleven av ulike årsaker ha mobilen rett etter skulen,- skal mobilen:

- 1. til 4. klasse: Føresette melder frå til kontaktlærar. Leverast til lærar og låsast inn ved skulestart, - hentast hos lærar ved skuleslutt.
- 5. til 10. klasse: Låsast inn i mobilhotell ved skulestart, -hente den etter skuleslutt.

Konsekvensar ved brot:

1. gong: - Mobil blir dregen inn resten av skuledagen, hentast hos rektor/inspektør  
- Melding heim / skriftleg varsel om hendinga  
- Merknad
2. gong: - Mobil blir dregen inn resten av skuledagen, hentast hos rektor/inspektør  
- Melding heim/ skriftleg varsel om hendinga  
- Nedsett åtferdskarakter  
- Elev og føresette blir kalla inn til samtale med rektor eller inspektør.

#### Regel 10

**På Tokke skule brukar vi ikkje utesko i klasseromma. Vi oppmodar til bruk av innesko. Ytterklede og lue /caps skal hengast på knagg på gangen.**

Konsekvensar ved brot:

- Tilsnakk
- Merknad

#### Regel 11

**Fusk og plagiat er ikkje tillate.**

Konsekvensar ved brot:

- Innlevering/ oppgåve blir ikkje vurdert
- Merknad
- Åtferdsmelding / evt. nedsett åtferdskarakter

## Regel 12

### **Røyk, snus og rusmiddel er forbode i skuletida (Opplæringslova §9-5)**

Konsekvensar ved brot:

- Brev /telefon heim
- Andre gong eleven bryt regelen blir han/ho kalle inn til ein samtale med helsepersonell
- Brot på regelen fører til nedsett åtferdskarakter

## Regel 13

### **Fyrverkeri, våpen og/eller andre farlege gjenstandar skal ikkje takast med på skulen. Desse blir beslaglagde.**

Konsekvensar ved brot:

- Samtale med rektor eller inspektør
- Telefon heim
- Brot på regelen fører til nedsett åtferdskarakter
- Politiet blir kontakta ved alvorlege brot.

**Skulen skal gripe til særskilde tiltak når eleven ikkje rettar seg etter ordensreglane.**

**Telefon heim, brev til føresette, utvisning frå timar, attsitjing og bortvisning frå skulen kan nyttast jfr.§2 – 10 i Opplæringslova. Brot på ordensreglane kan og føre til nedsett orden-/ åtferdskarakter.**

Opplæringslovas §2.9 skal gjerast kjend for elevane og foreldre.

Rektor informerar alle elevane om ordensreglane i løpet av fyrste skuleveke kvar haust.

Føresette får skriv + informasjon på foreldremøte kvart år (hausten) av leiinga.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Trivselsreglane

Vedlegg 2: IKT – reglement

Vedlegg 3: Reglement for 10. klasseset.